



## Tilleggsinnkalling Formannskapet

**Møtedato:** 24.11.2016  
**Møtested:** Møterom - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Dokument i sak 16/150 vil ligge føre til møte den 24.11.16. Disse vil bli utsendt den 17.11.16

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saknr	Tittel
-------	--------

175/16	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018 - 2020
--------	---

Dato, 17.11.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
175/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	16/997

### Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018 - 2020

#### Vedlegg:

Budsjett 2017 verbalskrivet frå rådmann

Kommuneplan - Mål og strategi PDF

Statsbudsjettet 2017 - kommuneoppdraget Skriv frå fylkesmannen

Budsjett 2017 - Talbudsjett

#### Framlegg til vedtak:

1. Budsjett 2017 – Økonomiplan 2017-2021, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einssilde åra:

Rammeområde	2017	2018	2019	2020

2. Total ramme for 2017 til fordeling drift vert kr.187 362 000,-

3. Nettorammene på dei einssilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2017-kroner):

Rammeområde	2017	2018	2019	2020
100 Rådmann	17336	17636	17786	17636
101 Politisk styring og kontrollorgan	3455	3455	3455	3455
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4154	4154	4154	4154
200 Adm.undervisning	2458	2458	2458	2458
201 Barnevern/PPT	7277	6977	6977	6977
210 Års skule	24441	24691	24691	24691
211 Kaland skule	13280	13280	13280	13280
220 Austrheim kystbarnehage	13500	13500	13500	13500
221 Kaland barnehage	9552	9552	9552	9552
250 Musikk og kulturskule	1833	1833	1833	1833

251	Bibliotek	1588	1588	1588	1588
255	Anna kultur	2423	2573	2573	2573
290	Undervisn./arbeids-senter	1200	1200	1200	1200
300	Adm. Helse/sosial	927	927	927	927
301	Helseteneste	12671	12671	12671	12671
302	Sosiale tenester	7987	7087	6387	5687
330	Nordliheimen	22609	22784	22784	22784
331	Kjøkken/vaskeri	3660	3660	3660	3660
332	Heimetenester I	11018	11018	11018	11018
333	Heimetenester II	8783	8783	8783	8783
500	Plan, byggesak, miljø	2287	2287	2287	2287
501	Interkomm.landbruk/ veterinær	725	725	500	500
600	Tekniske tenester	-1498	-1498	-1498	-1498
604	Eigedomsavdeling	9097	9262	9262	9262
605	Reinhaldsavdeling	5968	6118	6118	6118
800	Tilleggsøyvingar-Næring	100	100	100	100
801	Tilleggsøyvingar- Formanns	250	250	250	250
802	Tilleggsøyvingar-K.styret	300	300	300	300
803	Tilleggsøyvingar- Rådmann	675	675	675	675
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 019	- 1619	- 1 619	-1619
900	Momsrefusjonsordninga	0	0	0	0
	Overskto/Nedbet.undersk.	-1100	-2350	-1898	-2148

4. Den totale investeringsramma for år 2017 vert sett til kr. 13 342 000,-  
med fylgjande endring:

Ansvar	Tiltak	2017
099		
099		

**Den totale investeringsramma for 2017 vert då kr. 13 342 000,-**

**Som vert finansiert som fylgjer:**

<b>Ordinært låneopptak:</b>	<b>11 000 000</b>
<b>Overføring frå drift-Investeringsstilskot sokneråd</b>	<b>300 000</b>
<b>Overføring frå drift-netto avdrag på utlån</b>	<b>500 000</b>
<b>Statstilskot ekstra vedlikehald</b>	<b>277 000</b>
<b>Statstilskot ekstra vedlikehald</b>	<b>1 542 000</b>

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

<b>Lån til vidare utlån</b>	<b>500.000</b>
-----------------------------	----------------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2017 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

7. I medhald av eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c vert utskrivninga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2017 med 7,0 promille, jf. Esktl § 11 første ledd.

For 2017 vert det utskrivning av eigedomsskatt på anna næring jf. esktl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille. Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.17.

Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 24.11.16 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jfr. esktl § 10.

Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2017.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

#### **Vedlagt er fylgjande:**

- 1.Merknader frå rådmannen til budsjett 2017
- 2.Fylkesmannen sitt budsjetttrundskriv
- 3.Kommuneplanen sitt målstyringsdokument

### **Vurdering**

Viser til framlegg til budsjett der det er lagt opp til at akkumulert underskot vert nedbetalt i heile planperioden 2017 – 2020.

Dersom akkumulert underskot skal skal dekkast i 2017 er det behov for ein annan inntektskilde. Dersom det skal innførast eigdomsskatt på hus og fritid må pkt.7 i framlegget endrast som fylgjer: I medhald av eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c vert utskrivninga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2017 med 7,0 promille, jf. esktl § 11 første ledd.

For 2017 vert det utskrivning av eigedomsskatt på anna næring jf. esktl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille. Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.17.

**For 2017 vert det utskriven av eigedomsskatt i heile kommunen jf. esktl § 3 første ledd bokstav a med 7 promille for verk og bruk og næring. Med 2 promille for bustad/fritidsbustad. Føresetnaden er at takseringa er ferdig innan 01.03.2017.**

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 24.11.16 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jf. esktl § 10.

Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige

taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

### Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

1. Budsjet 2017 – Økonomiplan 2017-2021, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einkilde åra:

Rammeområde	2017	2018	2019	2020

2. Total ramme for 2017 til fordeling drift vert kr.187 362 000,-

3. Nettorammene på dei einkilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2017-kroner):

Rammeområde	2017	2018	2019	2020
100 Rådmann	17336	17636	17786	17636
101 Politisk styring og kontrollorgan	3455	3455	3455	3455
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4154	4154	4154	4154
200 Adm.undervisning	2458	2458	2458	2458
201 Barnevern/PPT	7277	6977	6977	6977
210 Årås skule	24441	24691	24691	24691
211 Kaland skule	13280	13280	13280	13280
220 Austrheim kystbarnehage	13500	13500	13500	13500
221 Kaland barnehage	9552	9552	9552	9552
250 Musikk og kulturskule	1833	1833	1833	1833
251 Bibliotek	1588	1588	1588	1588
255 Anna kultur	2423	2573	2573	2573
290 Undervisn./arbeids-senter	1200	1200	1200	1200
300 Adm. Helse/sosial	927	927	927	927
301 Helseteneste	12671	12671	12671	12671
302 Sosiale tenester	7987	7087	6387	5687
330 Nordliheimen	22609	22784	22784	22784
331 Kjøkken/vaskeri	3660	3660	3660	3660
332 Heimetenester I	11018	11018	11018	11018
333 Heimetenester II	8783	8783	8783	8783
500 Plan, byggesak, miljø	2287	2287	2287	2287
501 Interkomm.landbruk/veterinær	725	725	500	500
600 Tekniske tenester	-1498	-1498	-1498	-1498
604 Eigedomsavdeling	9097	9262	9262	9262
605 Reinholdsavdeling	5968	6118	6118	6118
800 Tilleggsøyvingar-Næring	100	100	100	100
801 Tilleggsøyvingar-	250	250	250	250

	Formanns				
802	Tilleggsøyvingar-K.styret	300	300	300	300
803	Tilleggsøyvingar-Rådmann	675	675	675	675
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 019	- 1619	- 1 619	-1619
900	Momsrefusjonsordninga	0	0	0	0
	Overskto/Nedbet.undersk.	-1100	-2350	-1898	-2148

4. Den totale investeringsramma for år 2017 vert sett til kr. 13 342 000,- med fylgjande endring:

Ansvar	Tiltak	2017
099		
099		

**Den totale investeringsramma for 2017 vert då kr. 13 342 000,-**

**Som vert finansiert som fylgjer:**

<b>Ordinært låneopptak:</b>	<b>11 000 000</b>
<b>Overføring frå drift-Investeringsstilskot sokneråd</b>	<b>300 000</b>
<b>Overføring frå drift-netto avdrag på utlån</b>	<b>500 000</b>
<b>Statstilskot ekstra vedlikehald</b>	<b>277 000</b>
<b>Statstilskot ekstra vedlikehald</b>	<b>1 542 000</b>

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

<b>Lån til vidare utlån</b>	<b>500.000</b>
-----------------------------	----------------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2017 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.


7. I medhald av eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2017 med 7,0 promille, jf. Esktl § 11 første ledd.

For 2017 vert det utskriving av eigedomsskatt på anna næring jf. esktl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille. Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.17.

Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 24.11.16 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jfr. esktl § 10.

Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2017.



# **Budsjett 2017**

økonomiplan 2018-2020

**Rådmannen sitt framlegg**





## 1 Føreord

Dette dokumentet er rådmannen sin gjennomgang av budsjettet for 2017 og økonomiplanen for perioden 2017 – 2020. Det inneheld rådmannen sine prioriteringar for 2017 og åra framover. Framlegget til budsjett for 2017 er nøkternt. Dette nivået er eit minimum for å få til ei forsvarleg drift med aktiviteten kommunen har i dag. I 2016 har skatteinntektene hatt ei utvikling nesten på nivå med utviklinga i landet elles. Inntektene ligg likevel vesentleg under det som har lagt i økonomiplanen.

## Innhold

1 Føreord .....	2
2 Akkumulert underskot og ROBEK:.....	2
3. Arbeid med budsjettet og tilpassingar i 2016. ....	3
4. Investeringar 2017.....	4
5. Historikk 2007-2015. ....	7
7 Rådmannen sine kommentarer.....	8
8 Gjennomgang av dei ulike ansvarsområda: .....	9
9 Utvikling i netto driftsresultat: .....	12
10 Gjeld og rentenivå: .....	13
11 Investeringar 2017.....	13
12 Vurdering.....	15
13 Oppsummering.....	16
13 Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak.....	17

## 2 Akkumulert underskot og ROBEK:

Kommunen har ca. 8,3 millionar kr. i akkumulert underskot før rekneskap 2016.

Det er lagt opp til fylgjande overskot i økonomiplanperioden:

2017	2018	2019	2020	Sum 2017-2020
Kr. 1.100.000	Kr.2.350.000	Kr.1.898.000	2 148 000 kr.	7 496 000 kr.

I tillegg til dette, kan 2016 gi eit lite overskot dersom skatteinntektene i november heldt seg på budsjett. Skal heile underskotet dekkast inn i åra 2016-2020, må overskotet i 2016 minst bli 800 000 kr.

Med den framlagte økonomiplanen, vil Austrheim kommune koma på ROBEK-lista. Då er det Fylkesmannen ikkje kommunestyret, som avgjer kva kommunen kan låne.

Skal underskotet dekkast inn i 2016 og 2017 må det nyttast andre inntektskjelder. Døme på dette er innføring av eigedomsskatt for hus og fritid eller auka utbytte.

### 3. Arbeid med budsjettet og tilpassingar i 2016.

I 2016 har rådmannen arbeidd vidare med prosjektet «Kutt i drifta med fokus på kvalitet.» Dette er eit innsparringsprosjekt som vart sett i gang i gang i mai 2015. Bakgrunnen var den store svikten i skatteinntektene og aukande arbeidsløysa. Prosjektet er organisert gjennom rådmannsgruppa. Dei tillitsvalde er trekt inn frå første oppstart. Følgjande ting vert vektlagt.

1. Ingen skal verta sagt opp
2. Alle stillingar som vert ledige skal vurderast i ei gruppe bestående av rådmannsgruppa, personalkonsulenten og to tillitsvalde. Aktuelle avdelingsleiar har og høve til å møta når stilling i deira avdeling skal vurderast.
3. Siktemålet er å ha ei balansert økonomisk drift med årlege rekneskapsoverskot rundt 1,75 %.
4. Rådmannen legg opp til at underskotet for 2015, skal vera betalt ned innan 2019.


I 2016 har alle stillingar vorte vurdert av ei gruppe som består av:

- Rådmannsgruppa
- HTV Fagforbundet
- HTV Utdanningsforbundet/aktuell fagforening
- Aktuell avdelingsleiar

Gruppa vurderer om stillinga skal lysast ut, stillast vakant eller opphøyra. I løpet av året har alle konklusjonane vore nytta i aktuelle saker. I vurderingane må ein heile tida ha som siktemål at arbeidssituasjonen ikkje skal bli så pressa på ein arbeidsplass at det igjen fører til slitasje og sjukemeldingar.

Antall ansatte og antall årsverk, 1. desember 2015


Kilde: PAI/KS, 2016



Fiugren er henta frå KS sin rapport «Arbeidsgivermonitor.» Utviklinga av tal tilsette viser at på slutten av 2015 var Austrheim kommune nede på om lag same tal tilsette som i 2013. Dette skuldast nok at det vert vurdert strengt kva stillingar som skal utlysast. I andre tertialrapport står det at personalutgifter ligg 1,5 million under budsjett. Noko av dette skuldast at avdelingsleiarane er forsiktig med å setja inn vikar. Dei to største fagorganisasjonane har skriva «bekymringsmelding» om situasjonen i organisasjonen. Dei meiner at innsparringa fører til ekstra belastning og slitasje på dei tilsette. Rådmannen ser at dette må vi halde under oppsikt og ikkje «strekke strikken» for langt.

Sjukefråværet.

Figuren under viser utviklinga i sjukefråværet frå 4. kvartal 1999 til og med 4. kvartal 2015.



Austrheim er den nedste gule linja. Den blå er kommunar generelt, den grønne er kommunar i Austrheim si kommunegruppe og den raude er kommunar i Hordaland.


Austrheim har i heile perioden hatt lågare sjukefråvære enn kommunar i landet generelt, kommunar i kommunegruppe 2. Vi ser at det var ein auke i 2014, sjukefråværet har gått ned att i 2015, men er ikkje på det nivået det var tidlegare i perioden. Det vert ei viktig oppgåve framover å halde auge med denne utviklinga for å vera i forkant dersom det skjer ein auke igjen. Det er viktig at nedskjæringar og innsparingar ikkje går så langt at fråværet aukar att.

#### 4. Investeringar 2017.

I Kommunebarometeret finn vi figuren på neste side. Han viser kommunane si lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter.

Figuren viser at prosenten i Austrheim ligg dels under kommunar i vår kommunegruppe. Austrheim ligg og under gjennomsnitt for kommune-Noreg når ein måler lånegjelda prosentvis etter brutto driftsinntekter.

## Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Oversikta gjeld for perioden 2010 til og med 2014. Det var gode økonomiske år for Austrheim. Skatteinntektene lå rundt 120 prosent av landsgjennomsnittet. I 2015 opplevde Austrheim eit skifte. Skatteinntektene minka drastisk. I dag har kommunen ein situasjon med eit underskot på om lag 8,3 millionar kr. Skatteinntektene er under 110 prosent av landsgjennomsnittet. Austrheim har nemleg hatt lågare vekst i skatteinntektene pr. innbyggjar enn fleire nabokommunar.

### Eigedomsskatt på hus og hytter

Rådmannen meiner at det bør innførast eigedomsskatt på hus og hytter. Dersom ein innfører 2 promille skatt, er det eit inntekstpotensiale på 7 million. Viss satsen vert auka til fire promille, er potensialet 14 millionar kr. Kommunestyret kan og halda promillesatsen på to eller tre. Kommunestyret bør ta denne avgjerda for å kunne gå inn i dei næraste åra med fridom til å investere utan at Fylkesmannen kan gjere kutt i investeringane. Kommunen har så mange krevjande investeringsoppgåver framover, at ein treng økonomisk handlefridom.

Dersom det ikkje vert innført eigedomsskatt på hus og hytter, meiner rådmannen at investeringane må strammast kraftig inn. Kjem vi på ROBEK, kan dette føre til:

- Vanskeleg å halde trykk på vedlikehald Kaland skule. Årås skule er fint renovert, Vedlikehaldet på Kaland skule kan bli utsett
- Bygging eller rehabilitering av Kaland barnehage. Kommunen har ny Kystbarnehage, men oppjusteringa av Kaland barnehage kan bli utsett. Kommunen kan kanskje få lov å føra opp ny barnehage, eller rehabilitere den noverande. Det fylkesmannen kan tenkast å ha innvendingar

på, er at kommunen får lånefinansiere eventuelle rekkefylgjekrav med vegutløsning i samband med utbygginga.

- Utbygging av VVA. Rådmannen held på å utarbeida ei oversikt over investeringsbehov for vatn og avløp. Når denne vert lagt fram, vil ein sjå at det vil vere problem å gå inn på det feltet med sterke begrensingar i evnen til å investere.
- Omsorgsbustadene på Kaland/Fonnes. Prosjektet med å bygge omsorgsbustadane kan truleg fylkesmannen gi klarsignal til, sjølv om kommunen er på ROBEEK-lista. Det kan derimot bli problem med å få lånefinansiere rekkefylgjekrava med veg, fortau, park og friluftsområde.

Når det gjeld framtidige investeringsprosjekt, kan ikkje rådmannen sikkert sei at det blir gitt løyve til eitt tiltak, men ikkje til eit anna. Ein vil måtte ta dei ulike diskusjonane med fylkesmannen undervegs. Det som likevel er eit faktum, er at Austrheim kommune står framfor ei rekke store investeringar. Å vera på Robek-lista, kan gjera et utbyggingane vil måtte ta noko lenger tid enn dersom kommunestyret stod fritt til å avgjera investeringane.



*Finn Austrheim vegen framover? Foto. Tord Risdal.*

## 5. Historikk 2007-2015. Økonomiske oversikter i heile 1000 kr.

Økonomiske oversikter Hele 1000 kr	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2 008	2 007
Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap
<b>Driftsinntekter</b>									
Brukerbetalinger	13 175	13 036	12 407	12 297	12 050	11 328	10 795	10 460	9 353
Andre salgs- og leieinntekter	16 345	14 607	14 213	13 436	12 870	12 176	11 665	11 001	11 539
Overføringer med krav til motytelse	36 479	37 238	41 005	39 919	37 164	44 413	40 391	37 551	50 932
<b>Rammetilskudd</b>	<b>73 373</b>	<b>70 529</b>	<b>68 234</b>	<b>65 401</b>	<b>61 407</b>	<b>39 020</b>	<b>39 676</b>	<b>32 676</b>	<b>30 815</b>
Andre statlige overføringer	8 200	6 480	2 073	1 511	1 683	4 005	4 831	4 376	4 350
Andre overføringer	100	100		3	11	15	8	5	6
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	<b>82 871</b>	<b>84 590</b>	<b>84 311</b>	<b>81 797</b>	<b>75 512</b>	<b>78 176</b>	<b>69 157</b>	<b>61 305</b>	<b>57 725</b>
Eiendomsskatt	12 585	12 608	12 608	11 354	12 949	12 814	13 279	7 429	8 078
Sum driftsinntekter	243 129	239 188	234 850	225 719	213 645	201 947	189 802	164 802	172 797
<b>Driftsutgifter</b>									
Lønnsutgifter	149 254	145 416	134 323	129 593	123 325	113 290	105 980	95 962	93 761
Sosiale utgifter	40 278	38 994	36 244	32 612	31 438	28 630	27 364	24 779	23 628
Lønn og Sos Kostnader	189 532	184 410	170 567	162 205	154 764	141 920	133 344	120 741	117 389
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	28 466	27 504	27 843	25 853	25 714	26 956	23 714	21 196	19 019
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	11 353	11 635	9 298	9 315	7 875	6 675	5 860	5 768	14 128
Overføringer	12 971	15 637	13 598	16 427	10 143	10 312	8 386	7 954	6 704
Avskrivninger	11 993	12 084	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413	6 909
Fordelte utgifter									
Sum driftsutgifter	254 314	251 270	232 310	224 307	208 575	194 716	179 536	163 072	164 148
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-11 185</b>	<b>-12 082</b>	<b>2 541</b>	<b>1 413</b>	<b>5 069</b>	<b>7 231</b>	<b>10 267</b>	<b>1 730</b>	<b>8 649</b>
<b>Finansinntekter</b>									
Renteinntekter og utbytte	2 815	5 283	5 367	5 787	5 819	4 939	5 478	6 697	4 896
Mottatte avdrag på utlån	32	57	108	101	153	446	212	260	242
Sum eksterne finansinntekter	2 847	5 340	5 475	5 888	5 972	5 385	5 690	6 957	5 138
<b>Finansutgifter</b>									
Renteutgifter og låneomkostninger	4 555	5 067	4 689	5 085	5 727	3 748	4 275	7 719	5 511
Avdrag på lån	6 882	7 312	8 864	8 068	7 698	6 308	5 133	4 603	4 415
Utlån	22	77	75	118	152	103	481	253	175
Sum eksterne finansutgifter	11 460	12 456	13 628	13 271	13 577	10 159	9 889	12 575	10 100
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 612	-7 116	-8 154	-7 382	-7 605	-4 774	-4 199	-5 619	-4 962
Motpost avskrivninger	11 993	12 084	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413	6 909
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-7 805</b>	<b>-7 114</b>	<b>5 391</b>	<b>4 537</b>	<b>7 544</b>	<b>11 310</b>	<b>14 299</b>	<b>3 525</b>	<b>10 596</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>									
Bruk av tidl. års regnsk.m.mindref.		12	5 895						
Bruk av disposisjonsfond	4 989	2 752	369	6 065	302	1 533	350	400	100
Bruk av bundne fond	1 335	2 074	647	998	768	1 805	458	1 219	1 829
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>6 324</b>	<b>4 838</b>	<b>6 910</b>	<b>7 063</b>	<b>1 069</b>	<b>3 908</b>	<b>808</b>	<b>1 628</b>	<b>3 230</b>
Overført til investeringsregnskapet	122	50	4 934	4 562	5 799	11 079	7 898	1 166	6 771
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	5 140								2 676
Avsatt til disposisjonsfond		12	5 904	134	2 588	3 543	4 300	1 792	2 442
Avsatt til bundne fond	1 506	2 802	1 451	1 009	226	596	2 340	2 195	566
Avsatt til likviditetsreserven									1 362
Sum avsetninger	6 767	2 864	12 289	5 705	8 613	15 218	14 537	5 154	13 817
Regnskapsmessig mer/mindreforb	-8 248	-5 140	12	5 895	0	0	570	0	9

Tabellen over viser utviklinga i rekneskapsmessig resultat for Austrheim.



## **7 Rådmannen sine kommentarer.**

Fylkesmannen har sendt ut eit orienteringsskriv til kommunane om statsbudsjettet for 2017. Skrivet ligg som vedlegg, her er rådmannen sine kommentarer til dei ulike punkta i skrivet.

### Skatteanslag

I skrivet frå Fylkesmannen står det at kommunane må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutviklinga. Rådmannen tilrår at skatteanslaget vert 90 100 000 kr. for 2017.

### Frie inntekter

Nominelt aukar dei frie inntektene med 3,073 mill. kr. Dette utgjer ein vekst på om lag 2%.

### Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet 2017

Tilskotet er øymerka vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader.

Bakgrunnen for tilskotet er auka arbeidsløyve.

Austrheim kommune får 1 542 000 kr. Dette er innarbeidd i investeringsbudsjettet.

### Skule

Skrivet poengterer at skulane skal prioritere tidleg innsats. Fagleg svare elevar skal få tilbod om tidsavgrensa intensivopplæring. Regjeringa vil sende på høyring eit lovframlegg om tidleg innsats i skulen.

Helse og omsorg.

### Opptappingsplan for rus.

Det er satt av 150 000 kr i 2017 for gjennomføring av prosjekt innanfor området. Prosjektet skal kartlegge kommunen sin innsats på feltet og peika ut naudsynte satsingsområde framover. Prosjektet skal og skildre korleis dette feltet bør organiserast i Austrheim.

### Opptappingsplanen for rehabilitering og habilitering.

Lokalt er det ikkje sett av ekstra midlar til dette. Det vert ei oppgåve å koordinere og bygge ut dette med dagens bemanning.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Austrheim kommune har dei siste åra styrka denne tenesta. Det er ikkje ytterlegare styrking i 2017 budsjettet.

### Dagtilbod demente.

Austrheim kommune har hatt dagtilbod for demente som eit tilbod dei siste åra. Vi har fått øymerka tilskot til føremålet. Desse midlane kan ikkje nyttast til lønn. Tiltaket held fram.

### Sjukeheimar og omsorgsbustader

Denne ordninga gjev tilskot på 45 % av investeringa i omsorgsbustader. I 2017 vil Austrheim starta bygginga av omsorgsbustadene på Kaland. Reguleringsarbeidet er i full gang.

### Ressurskrevjande tenester

Denne ordninga gjev Austrheim ca. 7,37 mill. kr. i 2017. I 2017 er innslagspunktet auka utover lønns- og prisstigninga. Kommunen får først tilbakeføringar på 80% av eit tiltak som kostar meir enn 1 157 000 kr.

### Øyeblikkelig hjelp

Det er plikta kommunane har til å tilby øyeblikkeleg hjelp. Det skal vera ein mellomting mellom sjukehus og heim/sjukeheim ved sjukdom. Dette er løyst gjennom ØH-posten ved Legevakta i Knarvik. Frå og med 2016 er finansieringa trekt inn i rammetilskotet. Summen for Austrheim er sett til 777 000 kr. Belegget på ØH-sengene har vore om lag 40 % i 2016. I budsjettet for NHL vert Austrheim krevd for 832 000 kr til drift av ØH-sengene i 2017.

### Flyktningar og integrering

Austrheim har vedtatt å ta i mot flyktningar til og med 2017. Pr. dato har Austrheim motteke 64 flyktningar inkludert gjenforeining. Etter vedtak skal Austrheim ta imot ytterlegare 2 flyktningar i 2016. I 2017 skal vi ta imot 10 flyktningar. Vedtaket om å ta imot 5 mindreårige vart oppheva i 2016 då behovet var redusert.

### Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg.

Dette er ordningar styrt gjennom Husbanken. Kommunane får stilt lånemidlar til rådvelde og får kompensasjon for renter på låna berekna over 20 år. I 2016 nyttar kommunen dei siste midlane frå denne ordninga.

### Frivilligsentralar

Ansvaret for tilskot til frivilligsentralar vert i 2017 overført til kommunane. Det øyremerka tilskotet som kommunane har mottatt for denne tenesta i tidlegare år, vert no overført til rammetilskotet.

### Inntektssystemet i 2017

Noverande inntektssystem for 2016 vert vidareført til 2017. Austrheim kommune får trekk i småkommunetilskotet med utgangspunkt i distriktindeksane for 2015.

Austrheim kommune har ein distriktindeks på 73,3 som gjev 50 % trekk i småkommunetilskotet.

For 2017 vil Austrheim få eit skjønstilskot på 2.150.000 kr. I 2016 fekk vi to skjønstilskot på tilsaman 3,7 millionar kr. For 2017 er det samla eit trekk på 1,15 million kr i skjønsmidlar i forhold til 2016.

### Kommunereform

Det er lagt opp til eigne ordningar i høve til dei kommunane som har gjort vedtak om å slå seg saman. Austrheim kommune vil halda fram med å vera eigen kommune.

## **8 Gjennomgang av dei ulike ansvarsområda:**

### **Ansvar 100 - Rådmannen:**

P.g.a valet i 2017, er valutgifter lagt inn i budsjettet med 150 000 kr. Tilskot til Austrheim kyrkje er lagt inn med 80 000 kr. Det er også lagt inn i budsjettet at stillinga som kommunalsjef skal leggjast om til stilling som skulefagleg rådgjevar i rådmannen sin stab. Dette aukar ikkje talet på stillingar i rådmannsgruppa. Stillinga som skulefagleg rådgjevar vert sett vakant til 1. august 2017. Nettoauken i 2017 vil såleis vere minimal.

### **Ansvar 101.**

På dette ansvarsområdet er godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politikarar ført. I tillegg ligg budsjett for desse her:

- Ungdomsrådet
- Stønad til dei politiske partia
- Kontrollutvalet
- Frikjøp tillitsvalde
- Eldreråd
- Revisjon

Det er ikkje lagt inn noko auke på avdelinga.

### **Ansvar 190.**

Følgjande ligg i dette ansvarsområdet:

- Lærlingar
- Servicekontoret



Det er lagt inn ein reduksjon i stilling på budsjettet når det gjeld servicekontoret. Dette gjer at ramma vert redusert med 400 000 kr. Det er lagt opp til at vi heldt lærlingar omlag på same nivå.

#### **Ansvar 200 – Administrasjon undervisning:**

Området femnar om utviklingsprosjekt for skulane og barnehagane, etterutdanningsprosjekt for lærarane, morsmålsopplæring og vaksenopplæring.

Driftsramma er redusert med 200 000 kr. som gjeld vaksenopplæring.

#### **Ansvar 201 – PPT og barnevern:**

Det er lagt opp til same utgiftsnivå som 2016. I 2016 har det vore stort langtids sjukefråvær på avdelinga. Dette har skapt store utfordringar for avdelinga sitt tenestetilbod. Det er derfor tilsett vikarar for å rette opp i dette. Kommunen kjøper og tenester frå Radøy barnevern. Mål i 2017 er at arbeid som i dag vert utført av konsulentar, skal utførast av eigne tilsette. Dette kan frigjere lønsmidlar til å tilsetje ein fjerde barnevernskonsulent/familierettleiar.

#### **Ansvar 210 – Årås skule/SFO:**

Det er lagt inn ein auke på 1 630 000 kr. Den store auken skuldast fleire ressurskrevande elevar, flyktningeborn og born med andre morsmål enn norsk.

#### **Ansvar 211 – Kaland skule/SFO:**

Her er det lagt inn ein reduksjon i ramma på 56 000 kr. Reduksjonen gjeld nedgang i talet på ressurskrevande elevar og at lærarar med topp lønsansinietet sluttar.

#### **Ansvar 220 – Austrheim Kystbarnehage:**

Ramma er auka med 600 000 kr. og gjeld i hovudsak løn.

#### **Ansvar 221 – Kaland barnehage:**

Ramma vert auka med 364 000 kr. Dette skuldast i hovudsak nedgang i brukarbetalingar og refusjonar frå andre kommunar.

#### **Ansvar 250 – Kulturskule**

Det er lagt inn ei auke på 111 000 kr. Stor sett gjeld dette løn.

#### **Ansvar 251 – Bibliotek**

Ramma er auka med 81 000 kr. Gjeld for det meste løn.

#### **Ansvar 255 – Anna kultur**

Her er det ein auke på 67 000 kroner. 50 000 kr gjeld stønad til restaurering av kulturminne. Kommunen har snart slutført arbeidet med kulturminneplanen sin.

#### **Ansvar 290 – Undervisnings- og arbeidssenter:**

Ramma er auka med 122 000 kr. I 2016 var ramma alt for lav. Difor er ramma relativt høgare i 2017.

#### **Ansvar 300 – Administrasjon helse- og sosial:**

Her er det ein auke på 350 000 kr. Midlar til budstادتilskot vert vidareført med 175 000 kr. Auken i ramma skuldast bortfall av statstilskot for frivilligsentralen.

### **Ansvar 301 – Helseavdelinga:**

Ramma er auka med ca 1,6 millionar kr. Dette skuldast permisjon legar med løn, tilsetjing av ny vikarlege og full årsverknad på psykologstillinga.

**Ansvar 302 – NAV/Sosiale tenester:** Her er det ein auke på 300 000 kr. Dette skuldast vidareføring av utgifter til sosialhjelp.

### **Ansvar 330 – Nordliheimen**

Ramma er auka med ca 1,0 million kr. Auken skuldast mellom anna nedgang i brukarbetalingar og auke i løn. I løn er også lagt inn 50 % sekretærstilling/konsulentstilling frå 1. juli. Rådmannen ser dette som ei naudsynt styrking av administrasjonen i kommunen si største avdeling.

### **Ansvar 331 – Kjøkken (herunder Vaskeri)**

Ramma frå 2016 er vidareført.

### **Ansvar 332 – Heimeteneste I (Heimehjelp og Heimesjukepleie)**

Dette er ein auke i ramma på 470 000 kr. Auka gjeld løn.

### **Ansvar 333 – Heimeteneste II (ulike tiltak PU-tenesta)**

Ramma er auka med nesten 1,0 millionar kr. Årsaka er nytt tiltak når det gjeld ressurskrevjande brukar.

### **Ansvar 500 – Plan, byggesak, miljø**

Dette ansvarsområdet har ein auke i underkant av 400 000 kr. Årsaka til auken er reduksjon av gebyrinntekter og auken i konsulenttenester i samband med kjøp av planarbeid. I tillegg er det reduksjon i løn p.g.a vakant stilling.

### **Ansvar 501 – Interkommunal landbruk/veterinær**

Dette ansvarsområdet er eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Tildelt ramme er redusert med 100 000 kr. i forhold til opprinneleg budsjett for 2016. Reduksjonen gjeld endringar i stillingar.

### **Ansvar 600 – Tekniske tenester**

Ramma er auka med 341 000 kr. Dette er ein normal auke.

### **Ansvar 604 – Bygg og anlegg**

Dette ansvarsområdet har ein auke i ramma på 709 000 kr. Det er her bl.a. lagt inn ein auke i utgifter til straum.

### **Ansvar 605 – Reinhald**

Dette ansvarsområdet har ein auke med 298 000 kr. Auken gjeld i hovudsak løn.

### **Ansvar 800 Tilleggsøyvingar – Næringsutvikling**

I 2017 er det lagt inn 100 000 kr. til avsetjing til næringsfond. Kommunen har revidert retningslinjene for næringsfond, men har dei siste åra ikkje hatt egne midlar til føremålet.

### **Ansvar 801 – Tilleggsøyvingar formannskapet:**

Formannskapet si løyving står med ei ramme på 250 000 kr.

## Ansvar 802 Tilleggsøyvingar - Kommunestyret

Kommunestyret si løyving står med 300 000 kr. Det er inga endring frå 2016.

## Ansvar 803 Tilleggsøyvingar – Rådmann

På dette ansvarsområdet er ført fleire større og mindre driftspostar.

Postar som er registrert i 2017 er fylgjande:

Tiltak	Budsjettsum
Næringsforum	50 000
Kurs og velferdsmidlar	225 000
Diverse seniortiltak og arbeidsmiljøtiltak	100 000
Prosjekt rus/psyk	150 000
Arbeidsmiljøtiltak	100 000
Eigendel prosjektarbeid	50 000

## Ansvar 804 Tilleggsøyvingar – Til ordførar sin disposisjon

Summen på 50 000 vert vidareført.


## Ansvar 899 – Andre overordna utgifter og inntekter:

Det er vedteke eit årleg tilskot på kr. 200.000,- til Furuly eldresenter som stønad til kapitalutgifter for dei siste fire husværa. 2013 var første året dette tilskotet vart ytt. Kompenasjonstilskotet til Sætremarka Burettslag vert ført her med 200 000. Premieavviket på KLP vert ført som ei inntekt i dette ansvarsområdet, mot ei utgift på art 15404.

## 9 Utvikling i netto driftsresultat:

Oppsummert viser rådmannen til tabellen på side 7, der utvikling i netto driftsresultat er synleggjort. Her er dette vist i eit diagram:

Oppstilt i eit ndiagram ser ein denne utvikling i netto driftsresultat 2007-2015



Som det går fram av denne figuren, har Austrheim kommune hatt relativt gode netto driftsresultat fram til 2014 då driftsresultatet blei neaktiv med ca. 7,1 millionar kr. Også i 2015 viste driftsresultatet eit negativt tall med 7,8 millioner kroner. Når det gjeld 2016, kan det sjå ut som at vi skal klare eit positivt tal.

Målet er å hente inn igjen underskotet i løpet av ein 4 års periode. Dette går og fram av økonomiplanen.

## 10 Gjeld og rentenivå:

Austrheim kommune har pr. 31.12.15 kr. 37 309 630,- i forvaltningslån og kr. 225.458.130,- i egne lån gjennom Kommunalbanken. I dag ligg Husbanklåna på ca. 2,1% rente medan låna i Kommunalbanken ligg på 1,55% rente. Her har vi bunde renta for 3 år. 2015 -2017.

Snittnivået på lånerenta i Kommunalbanken har på 2000-talet vore svært varierende:

- 2011 = 2,9%
- 2013 = 2,2%
- 2014 = 2,2%
- 2015 = 1,55 %
- 2016 = 1,55 %

Norges Bank sine siste rentesignal tyder på at dagens rentenivå vil halda seg i framtida.

Både renteutgifter- og inntekter i økonomiplanen er etter dette basert på følgjande snittrentenivå:

- 2013: 3,75%
- 2014: 2,20%
- 2015: 2,00%
- 2016: 1,70%
- 2017: 1,70%
- 2018: 1,80 %

Kvar 0,5% auke utgjer om lag 1,0 mill. i endra renteutgifter. For 2017 er det budsjettert med ein rentesats på 1,7 %.

## 11 Investeringar 2017

Rådmannen legg fram fylgjande forslag til investeringar i 2017. Framlegget er nøktern og avhengig av innføring av eigedomsskatt frå 2017.

<b>Rådmannen sitt framlegg til investeringar 2017</b>	<b>Budsjett 2017</b>
IKT - Austrheim kommune	150 000
Prosjekt felles IKT drift i regionen - investeringsdel	400 000
IKT – skular	150 000
Kartlegging	100 000
IKT/tavle-skulane	400 000
Uteområdet Årås Skule	300 000
Eiegenandel uteareal	300 000
Garderobe Nordliheimen	200 000
Legekontor Ultralyd	200 000
Ekstra vedlikehald-statlig tilskot	1 542 000

Ny Buss netto	400 000
Lager Nordliheimen	300 000
VVA	2 000 000
Oppgradering Kaland skole	2 000 000
Oppgradering Kaland Barnehage	1 000 000
KS 31/15 - Oppgr. Årås sk.	500 000
Nye omsorgsbustader/Ks-92/14	1 000 000
Byggutbetring	500 000
Asfaltering	500 000
Trafikksikring etter plan	500 000
Investeringsstilskot Austrheim sokneråd	400 000
Startlån	500 000
	13 342 000

Sum investeringar er 13 342 000 kr.

Finansiering av investeringane

	Sum
Statstilskot til vedlikehald skular/barnehagar	1 542 000 kr
Overført frå drift - Investering Soknerådet	300 000 kr
Overført frå drift – netto avdrag på utlån	500 000 kr
Ordinært låneopptak i 2017	11 000 000 kr
Sum	13 342 000 kr

### Kort gjennomgang av investeringane.

#### IKT

- Der lagt inn 150 000 til generell IKT-investering i kommunen
- Det er lagt inn kr. 400.000,- til investering gjennom IKT- Nordhordland.
- Skulane treng årlege IKT-investeringar, og det vert øyremerkt 150 000 av den årlege IKT-løyvinga til dette føremålet. Pengane vert nytta til elevmaskiner/klassemaskiner med datamaskiner
- Det vert lagt inn 400 000 som skulane kan nytta til innkjøp av interaktive tavler. Dette er oppfylging av ønske frå skulane i fellesskap. I økonomiplanen er det sett av same beløp i 2018.

#### Kart

- 100 000 er sett opp til diverse innkjøp av kart og dataprogram for plan, oppmåling og byggsak.

#### Utbygging Nordliheimen

- Nordliheimen får 300 000 kr. til å setja opp lager for ein del av det som i dag ligg lagra i Kanser dalen. Same beløp vert sett av i 2018, slik at bygginga startar seint på hausten.
- Nordliheimen frå 200 000 kr. til ei oppgradering av garderobane.

#### VVA

- Det er sett av 2 millionar kr til VVA. I VVA-planen ligg det inne krav om utskifting av leidningsnett og avløpsstasjonar.

#### Vedlikehald skulane

- Programmet for vedlikehald av skulane skal gå vidare
  - Det er sett opp med 2 millionar kr på Kaland. Midlane er tenkt å nytta til oppussing av garderobeanlegga, gymsal, hall og toalett.
  - Det er lagt inn 500 000 kr til vedlikehald på Årås skule. Dette er tenkt å nytta for utskifting av mellom anna golvbelegg. Ein del av belegga på skulen er 35 år gamle og

er tunge å reinhalde. Etter at skulen er renovert utvendig, treng ein no å pussa opp skulen inne.

- Ekstra vedlikehald skular. Statsbudsjettet har løyvd 1 542 000 kr til Austrheim i ekstra sysselsetjingstilskot. Det er kriterier for bruken. Rådmannen føreslår at pengane i hovudsak vert nytta på Kaland skule. Dette gir samla 3,5 million til vedlikehald på Kaland skule i 2017.

### **Uteområde/leikeområde**

- Årås skule har fått 277 000 i tippemidlar til uteanlegget sitt. Kommunen må setja av eigendelen. Rådmannen føreslår å setja av 300 000 kr til dette.
- Det vert sett av 300 000 kr som eigendel dersom andre skular eller barnehagar treng kommunal eigendel til liknande anlegg. I 2017 bør dette gå til Kaland skule som ynskjer ein Court Yard sprotsarena ved skulen.

### **Legekontor utstyr**

- Det vert sett av 200 000 kr til innkjøp av nytt utstyr til ultralyd. Det som står på legekontor no, vart kjøpt inn tidleg på 1990-talet.

### **Buss**

- Kommunen sin buss må skiftast ut. Det vert sett av 400 000 kr. Resten av kjøpesummen vert tatt frå fond som er avsett til føremålet.

### **Kaland barnehage**

- I løpet av vinteren vil kommunestyret gjera vedtak om barnehagen skal oppgraderast/påbyggast eller det skal byggast ny barnehage. Det vert sett av 1 million kr. til arbeidet i 2016. I økonomiplanen står og 3 millionar i 2018. Dette er ikkje nok til eit eventuelt nybygg.

### **Omsorgsbustadene Kaland**

- Arbeidet med reguleringsplanen for omsorgsbustadene på Vardeflaten pågår for fullt. På slutten av 2017 bør arbeidet starta opp. Det vert sett av 1 million til dette prosjektet i 2017. I økonomiplanen ligg det inne 3 millionar kr. i 2018 og 3 million i 2019. Kommunen vil søkja investeringstilskot frå Husbanken når ein startar bygginga. Kommunen kan oppnå 45 % tilskot pr. bustadeining. Maks ramme pr eining er 3 060 000 kr. Tilskotet pr hus kan bli 1 377 000 kr.

### **Tekniske tenester**

- 500 000 kr vert sett av til generell byggutbetring
- 500 000 kr vert sett av til asfaltering av kommunale vegar
- 500 000 kr vert sett av til trafikksikring etter plan. Plan for trafikksikring vert vedtatt i vinter etter ei høyring.

### **Investeringstilskot soknerådet**

- Det er lagt inn investeringstilskot til Soknerådet med 400 000 kr. Dette skal mellom anna gå med til å dekkja renter og avdrag på lånet til utbygginga av Leirvåg gravplass

### **Startlån**

- Dette er ei ordning som kommunen administrerer på vegne av Husbanken. Ein søker Husbanken om midlar som ein så låner ut til unge husbyggjarar. Det vert sett av 500 000 til dette.

## **12 Vurdering**

### Kommunen har slikt mål for økonomien:

Me vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter.
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.  
(Dette målet er seinare endra til 1,75 % av Departementet, red. merk.)
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

### Dette vil me få til gjennom å:

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
- Halde budsjetttrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgd for moglege renteauke framover.
- Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

I 2016 er det utarbeidd statusrapport til handsaming i formannskapet. Desse rapportane har ført til god budsjettstyring. I tillegg er det utarbeidd 2 tertialrapportar med budsjettjustering til formannskap og kommunestyre.

Dette er i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

## 13 Oppsummering

Dersom politikarane finn at innføring av eigedomsskatt er ynskjeleg for å dekke inn det akkumulerte underskotet, er det i saka lagt inn framlegg til vedtak som må gjerast.

Lov om eigedomsskatt seier:

§ 2. Kommunestyret<sup>1</sup> avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.

<sup>1</sup> Sjå lov 25 sep 1992 nr. 107 kap. 2.

§ 3.<sup>1</sup> Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar<sup>2</sup> i heile kommunen,<sup>3</sup> eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang,<sup>4</sup> eller
- c) berre på verk og bruk<sup>5</sup> i heile kommunen, eller
- d) berre på verk og bruk og annan nærings eigedom<sup>6</sup> i heile kommunen, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk<sup>5</sup> og annan nærings eigedom.<sup>6</sup>

I dag har Austrheim eigedomsskatt etter §3c, berre på verk og bruk. Dersom det skal aukast til også å gjelda annan nærings eigedom, må ein skriva det ut etter §3d. Dersom ein skal innføra eigedomsskatt for også hus og hytter/fritid, må ein skriva ut etter §3a. Ein må skilja for verk og bruk og annan nærings eigedom på 7 promille og hus og hytter/fritid på 2 promille.

Framlegget til budsjett for 2017 tilseier at administrasjonen framleis må fokus på økonomistyring.

Den totale budsjetttramma for alle ansvarsområda i 2017 er auka med 5 % i høve til revidert budsjett for 2016.

## 13 Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Budsjett 2017 – Økonomiplan 2017-2020, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einsskilte åra:

Rammeområde	2017	2018	2019	2020

2. Total ramme for 2017 til fordeling drift vert kr.187 362 000,-

3. Nettorammene på dei einsskilte ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2017-kroner):

Rammeområde	2017	2018	2019	2020
100 Rådmann	17 336	17 636	17 786	17 636
101 Politisk styring og kontrollorgan	3 455	3 455	3 455	3 455
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4 154	4 154	4 154	4 154
200 Adm.undervisning	2 458	2 458	2 458	2 458
201 Barnevern/PPT	7 277	6 977	6 977	6 977
210 Årås skule	24 441	24 691	24 691	24 691
211 Kaland skule	13 280	13 280	13 280	13 280
220 Austrheim kystbarnehage	13 500	13 500	13 500	13 500
221 Kaland barnehage	9 552	9 552	9 552	9 552
250 Musikk og kulturskule	1 833	1 833	1 833	1 833
251 Bibliotek	1 588	1 588	1 588	1 588
255 Anna kultur	2 423	2 573	2 573	2 573
290 Undervisn./arbeids-senter	1 200	1 200	1 200	1 200
300 Adm. Helse/sosial	927	927	927	927
301 Helseteneste	12 671	12 671	12 671	12 671
302 Sosiale tenester	7 987	7 087	6 387	5 687
330 Nordliheimen	22 609	22 784	22 784	22 784
331 Kjøkken/vaskeri	3 660	3 660	3 660	3 660
332 Heimetenester I	11 018	11 018	11 018	11 018
333 Heimetenester II	8 783	8 783	8 783	8 783
500 Plan, byggesak, miljø	2 287	2 287	2 287	2 287
501 Interkomm.landbruk/veterinær	725	725	500	500
600 Tekniske tenester	-1 498	-1 498	-1 498	-1 498
604 Eigedomsavdeling	9 097	9 262	9 262	9 262
605 Reinholdsavdeling	5 968	6 118	6 118	6 118
800 Tilleggsøyvingar-Næring	100	100	100	100
801 Tilleggsøyvingar-Formanns	250	250	250	250
802 Tilleggsøyvingar-K.styret	300	300	300	300
803 Tilleggsøyvingar-Rådmann	675	675	675	675
804 Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899 Andre overordna utg./innt.	-2 019	-1 619	-1 619	-1 619
900 Momsrefusjonsordninga	0	0	0	0
Overskot/Nedbet.underskot	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148



4. Den totale investeringsramma for år 2017 vert sett til kr. 13 342 000,- med fylgjande endring:

Ansvar	Tiltak	2017
099		
099		

**Den totale investeringsramma for 2017 vert då kr. 13 342 000,-**

**Som vert finansiert som fylgjer:**

<b>Ordinært låneopptak:</b>	<b>11 000 000</b>
<b>Overføring frå drift-Investeringsstilskot sokneråd</b>	<b>300 000</b>
<b>Overføring frå drift-netto avdrag på utlån</b>	<b>500 000</b>
<b>Statstilskot ekstra vedlikehald</b>	<b>1 542 000</b>

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

<b>Lån til vidare utlån</b>	<b>500.000</b>
-----------------------------	----------------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2017 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.
6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.
7. I medhald av eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2017 med 7,0 promille, jf. esktl § 11 første ledd.

For 2017 vert det utskriving av eigedomsskatt på anna næring jf. esktl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille. Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.17.

**( For 2017 vert det utskriving av eigedomsskatt i heile kommunen jf. esktl § 3 første ledd bokstav a med 7 promille for verk og bruk og næring. Med 2 promille for bustad/fritidsbustad. Føresetnaden er at takseringa er ferdig innan 01.03.2017.)**

Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 24.11.16 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jf. esktl § 10.

Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2017.

Austrheim 17.11.2016

Jan Olav Osen

Rådmann

Vedlegg.

1. Fylkesmannen sitt budsjettsskriv
2. Kommuneplanen sitt målstyringsdokument

## Kommuneplanen sine mål og strategiar.

### Visjon for utvikling og vekst

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim samfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er:

Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er:

Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.

Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.

Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

### Økonomisk rammer

Me vil at:

Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.

Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter.

Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.

Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.

Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betealing, sakshandsaming og informasjonssystem.

Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

Halde budsjetttrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.

Ta høgde for mogeleg renteauke framover.

Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

### Befolkningsvekst

Me vil at:

Befolkningsveksten vert om lag slik som framskrive innbyggjartal(SSB).

Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggjarane.

Det vert tilrettelagt for bustadbygging, og klyngetun i grendene.

Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF område vert forenkla.

Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

Dette vil me få til gjennom å:

Realisera tiltaka i Bustadsosial handlingsplan.

Nytta eksisterande utbygd regulert bustadareal.

Opne for mindre tiltak utan dispensasjon for eksisterande bustader i LNF område. (KPL arealdel).

Fremja fortetting i eksisterande byggjemiljø i arealplanar.

Ha god dialog med grunneigarar, utbyggjarar om mogelege utviklingsområde.

Kartleggje funksjonell strandsone, lokale verdfulle friluftsområd og eigna stader for tilgang til sjø.  
Etablere byggjegrænse mot sjø i kommuneplanens arealdel.

## Tettstadutvikling

Me vil at:

Austrheim kommunesentrum skal verte ein attraktiv og pulserande tettstad med urbane kvalitetar.  
Austrheim kommunesentrum skal verte tydeleg kommunesenter og regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Fonnes senter skal vera tyngdepunkt i utbygginga frå Nordre Fønnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås.  
At ein får til ei styrt utvikling av dei to knutepunkta i kommunen, med fokus på levande sentrum.

**Dette vil me få til gjennom å:**

Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.

Vidareføra arbeidet med sentrumsutvikling i "Austrheim heile Livet"

Kople arbeidet med områderegulering av Nordre Fønnesvåg til utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.

Følgje målsettingane i gjeldande planstrategi.

## Kultur

Me vil at:

Kommunen opprettheld og styrkjer sitt kulturtilbod gjennom kulturaktivitetar og kunst- og kulturproduksjon.

Kommunen fremjar kystkulturen og skapar attraksjonar gjennom å leggje til rette for bruk, vern og vedlikehald av kulturelandskapet og kulturminne, som til dømes Hoplandskvernene, torvhus, steingardar, og prestebryggje.

Det vert lagt tilrette for og styrkjer det frivillige kulturlivet i kommunen.

Ein støttar festivalar som Havsportveka, Fønnesdagane, Landbruksdagen og vidareutviklinga av denne typen kulturaktivitet.

Alle innbyggjarane skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktiv i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.

**Dette vil vi få til gjennom å:**

Følgje opp tiltak og handlingsprogram i «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020»

Vidareføra kulturdelen av « Austrheim heile livet» og støtta lokale kulturarrangement.

Utarbeida eigen kulturminneplan.

Utvikle eit kulturskulesenter og vidareutvikle « ungdommens hus».

Etablere samlingar for oppbevaring, bevaring av kulturminne.

Gjera lause og faste kulturminne tilgjengelege for alle.

## Næring

Me vil at:

Austrheim skal vere ein positiv kommune som gjev utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.

Austrheim kommune skal vere ein nasjonal kjend og attraktiv turistdestinasjon som « hav- og kystkommune».

Talet på gjestedøgn og dagsbesøkjande skal auke.

Talet på bedrifter med fokus på havsport og reiseliv skal auke.  
Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.  
Ein Legg tilrette for ei positiv utvikling av landbruk og fiskerinæring.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar)  
Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025".  
Profilera havsportsaktivitetar, kultur og aktivitetstilbod, gjennom eit synleg og godt vertskap i kommunen.  
Sikra gode utdanningstilbod i kommunen og arbeide for auke i tal lokale lærlingplassar.  
Sikra areal til vidare næringsutvikling for alle næringar.  
Implemtera landbruksplanen i kommunal planlegging.

## Samferdsle og Infrastruktur

#### Me vil at:

Vegnettet vert trygt og effektivt vegnett for mjuke trafikantar.  
Prosentdelen gåande og syklande aukar.  
Kollektivdeeln i høve til regionale mål.  
Det vert tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.  
Det er god dekning for mobiltelefon alle stader der det bur folk, langs med vegnettet og til sentrale utfartsstader i kommunen.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen og alternativ sykkeltrase via Solend.  
Gjennomføra detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen og vidare til Lindås kommunegrense.  
Arbeide for etablering av lokal bussrute « bussrute for eldre» og pendlingsruter til og frå Knarvik og Åsane.  
Leggja til rette for kameratkøyring gjennom bygging av anlegg for « Park and ride».  
Vera pådrivar for utbygging av fibernett og mobilnett.  
Koordinera arealplanlegging med hovudplan for vass og avlaup, og landbruksplan.  
Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplan.  
Oppretthalde båtrutenettet til og frå kommunen.

## Oppvekst og arbeid

### Kvalifisering og utdanning

#### Me vil at:

[Austrheim kommune vert blant dei beste kommunane i landet på å utdanna nye fagarbeidarar.](#)  
Kommunen bidreg til at born/familiar får tidleg tilpassa hjelp i høve til lærevanskar som til dømes ADD/ADHD, dysleksi og utviklingshemming.  
Læringsresultat for kommunen ligg over landsgjennomsnittet.  
Den vidaregåande skulen vert oppretthalden og samstundes bidreg gode resultat til å heva statusen til denne.  
Innvandrarar oppnår same deltaking i utdanning og samfunnsliv som andre innbyggjarar i kommunen.  
Det vert lagt tilrette for å etablera fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen.

#### Det vil me få til gjennom å:

Bidra til auka kompetanse hjå dei som arbeider med born og unge, og fremja kompetanseheving generelt.

Tilretteleggje for læring som gjev den kompetanse samfunnet treng.

Styrkje samarbeidet mellom skule og heim

Styrkje den vidaregåande skulen gjennom auka samarbeid

Vurdere skulestruktur og oppbygginga av denne.

Leggje tilrette for eit breitt spekter av aktivitetar for alle uansett funksjonsnivå, heile livet.

Vidareføra langsiktige tiltak i tråd med kommunen si Utviklingsmelding av 2013. (Realfag-satsing, PALS, La Linea )

Ha eit høgt tal egne lærlingar, både vanlege lærlingar og TAF-lærlingar.

## Livskvalitet og deltaking

#### Me vil at:

Alle innbyggjarane i Austrheim kommune skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktive i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.

Kommunen skal leve opp til visjonen «Austrheim heile livet» og legge til rette for eit allsidig miljø for aktivitet på arenaer som barnehage, skular, skulefritidsordningar, seniorsenter og sjukeheim.

Kommunen arbeidaer for at det skal verte ei permanent friluftslinje på Austrheim vidaregåande skule.

Kommunen stimulerer for eit breiare spekter av lag, foreiningar og klubbar.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i plan for Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 og revidera denne i 2020.

Gje driftsstøtte til opplæringstiltak, samordning og samarbeid om trenarar, dirigentar, instruktørar o.l.

Ta med frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med utviklinga av eit allsidig miljø for aktivitet.

Vidareutvikle ungdomsarbeidet gjennom « Ungdommens hus», ungdomskoordinator, ungdomsråd og frivillige organisasjonar.

Utvikle kulturskulen vidare, gje tilbod til fleire.

Oppretthalde og vidareutvikle seniorsenteret.

Leggje vekt på tilgjenge for alle( Universell utforming) samfunnsutviklinga.

Leggje til rette for, og samarbeide med « Inn på tunet»/ « Grøn omsorg» verksemder.

## Arbeid

#### Me vil at:

Kommunen har eit arbeids og næringsliv som bidreg til auka arbeidsdeltaking.

At kommunen er med på å auke breidda av kompetanse og støtter opp om næringsutvikling som gjev mangfald i næringslivet.

Ein støtter arbeidsmarknadstiltak som gjer det mogeleg for personar med nedsett arbeidsevne å arbeide.

Maritim næring vert oppretthalden og vidareutvikla.

Sysselsetting i landbruket vert oppretthalden.

Det vert auke i landbruksareal i drift.

### Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim 2011 - 2020".  
Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" og revidera handlingsprogrammet i 2017.  
Tilretteleggje for etablering av attraktive næringsareal, og sjå dette i samanheng med store prosjekt som Johan Sverdrup utbygginga.  
Bidra til at personar med ulik kulturell og/eller funksjonsmessig bakgrunn vert tilsett  
Ha tett samarbeid med NAV og ulike næringslivsorganisasjonar i kommune.

## Helse og omsorg

### Behov for omsorg

#### Me vil at:

Kommunen skal ivareta oppgåvene i helse og omsorg på ein god måte og med høg kvalitet.  
Austrheim skal ha gode resultat i velferdsstatistisk samanheng.  
Helse og trivsel i lokalsamfunnet skal fremjast.  
Kommune skal få ei berekraftig utvikling gjennom førebyggjande arbeid.

### Dette vil me få til gjennom å:

Arbeida aktivt for å etablera koordinatorar mellom kommunen og brukarar, pårørande og frivillig sektor.  
Arbeida for god samhandling mellom ulike delar av offentleg sektor.  
Lehje til rette for at eldre kan nytta låne og støtteordningar.  
Ha eit tydeleg kommunalt tenestetilbod og ha klart definerte mål på kva nivå desse teneste skal ha.  
Sya for at satsinga på pleie, helse og gåt til førebyggjande tiltak og kvardagsrehabilitering.  
Nytta velferdsteknologi, og gjennom det etablera nye løysingar som gjev gode tenestetilbod og effektiv drift.

## Psykisk helse og rus

#### Me vil at:

Det skal verta eit lågare tal ungdom med psykiske vanskar.  
Det skal bli mindre bruk av vanedannande og beroligande medisinar.  
Debutalderen for bruk av rusmiddel mellom unge skal hevast.  
Kommunen skal ha god lokal innsats ovanfor personar med rusproblem.  
Kommunen skal ha kontroll og retning på sals- og skjenkjepolitikken.

### Dette vil me få til gjennom å:

Revidera og gjennomføra tiltaka i "Ruspolitisk handlingsplan Austrheim"  
Halde fram med førebygging av rusmiddelavhengigheit gjennom regulering av sal og skjenking av alkohol.  
Etabler program for rusførebygging i grunnskulen som inkluderer born og føresette.  
Sikra høg kompetanse innan tenester for barn og unge og andre som er i ein sårbar livssituasjon.  
Ha sterkt fokus på tiltak mot mobbing.  
Oppretthalde og styrkje helsesystemtenesta(Helse stasjon for ungdom).  
Gje eit raskt og rett tilbod til personar med psykiske problem, etter kontakt med fastlege/kommunelege.  
Ta med pårørande som ein ressurs i arbeidet når det gjeld personar med rusproblem eller psykisk lidning.

## Livsstilssjukdomar

### Me vil at:

Det vert reduksjon i tidlig død som følgje av livsstilsrelaterte sjukdomar. Innan 2025 skal nedgangen vera minst 25% (jfr. WHO's mål).

Det vert reduksjon i bruken av spesialisthelsetenester.

Det vert reduksjon i overvekt.

Det vert betre utvikling enn landsgjennomsnittet i (mål i BMI) hjå born, unge og menn (på sesjon).

### Dette vil me få til gjennom å:

Styrkje fokuset på fysisk aktivitet, kosthald og gode helsevanar i helsestasjon, barnehagar, skular og skulefritidsordninga.

Bidra aktivt til nedgang i bruk av tobakk.

Bidra til at livsstilsrelaterte sjukdomar vert oppdaga tidleg, og tilby heilskapleg rehabilitering og behandling.

Utvikle gode folkehelseiltak i samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar.

Legge til rette for god samhandling mellom primærhelsetenesta, NAV og spesialhelsetenesta.

## Folkehelse

### Me vil at:

Innbyggjarane skal oppleva at tiltak omkring trivnad og livskvalitet vert fremja.

Det vert auka fokus på etablering av gode universielt utforma sosial møtestader.

Kommunen er pådrivar og tilrettelegg for fysisk aktivitet for alle.

Negative effektar av forureining som trafikkstøy og luft/vassforureining vert dempa.

Inneklima vert sikra i forskrift om miljøretta helsevern.

### Dette vil me få til gjennom å:

Sikre grønne område i gangavstand frå bustaområde (om lag 400m omkrins når alle aldersgrupper skal dekkjast).

Tilretteleggje og gjera tilgjengeleg dei grønne områda.

Etablera og tilretteleggje sosiale møteplassar som til dømes aktivitetssenter for unge og gamle, parkar, turstiar og leikeplassar.

Støtte opp om kulturareaner som samfunnshus mfl..

Utarbeide « Gå og sykkelstrategi» for kommunen, for på den måten binde saman ulike møtestader.

Gjere avbøtande tiltak knytt til trafikkstøy og luftforureining på sentrale møtestader.

Sikra at alle skular og barnehagar i kommunen har godkjent arbeidsmiljø.

## Sosial ulikskap

### Me vil at:

Talet på ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule vert redusert.

Talet på personar med uføretrygd vert redusert.

Tal personar som mottek sosiale ytingar frå NAV, utanom alderspensjon, vert redusert.

### Dette vil me få til gjennom å:

Syte for at tilsette legar, helsearbeidarar, barnehagetilsette, lærarar og andre som arbeider med barn, har naudsynt kompetanse.

Gje eit heilskapleg tilbod til alle som står i fare for å falle ut av utdanning eller arbeid. Ingen skal gå passiv.



Bruka heile kommunen sin kompetansebreidde i samband med integrering av flyktningar og innvandrarak.

Gjennom ulike tiltak syte for at flest mogeleg har eigen bustad.

Bruke NAV sine ressursar og nettverk i arbeidet mot fråfall i skule og arbeidsliv.

## Landskap, miljø og samfunnstryggleik

### Landskap og biologisk mangfald

#### Me vil at:

Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak.

Kommune skal ha eit aktivt jord- og skogbruk der det ikkje kjem i konflikt med viktige landskapsverdiar og biologisk mangfald.

Medvitet om dei lokale landskapsverdiane og det biologiske mangfaldet skal aukast.

Raudlista artar og naturtypar og deira leveområde skal vernast om så langt det er råd.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Utarbeida kommunal tempoplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.

Prioritera rydding av uønskt vegetasjon i strandsona, skjergarden, i turområde og på ulike utsiktspunkt.

I samarbeid med skogbruket leggja til rette for aktivt skogbruk i prioriterte område, med klart skilje mot opne landskap.

I samarbeid med landbruket leggja til rette for aktiv lyngheiskjøtsel, med mellom anna mål om auka sauehald.

Vurdera diponering av LNF områda i kommuneplanens arealdel.

Leggje til rette for utnytting og forbetring av jordbruksareal.

Kartleggje og verne område som er truga i høve til det biologiske mangfaldet, i arealplanlegginga.

Støtte og søkja om tilskot til prosjekt som fremjar lyngheiskjøtsel og opne landskapsverdiar.

Ha tett dialog med miljø- og ureiningsstyresmaktene.

## Miljø

#### Me vil at:

Bruken av bil for personreiser vert redusert og stimulera til auka kollektivtrafikk.

Fokuset på fortetting i bustadbygging vert auka.

Kommunen stimulerer til tettstadutvikling med heilskapleg bu, arbeid og fritidstilbod.

Talet gåande og syklande aukar og det vert lagt til rette for det.

Utslepp frå kommunale kjørey vert redusert gjennom å velje miljøvenlege løysingar.

Miljømerka/sertifiserte varer og tenester vert prioritert ved innkjøp.

Ein sikrar tilgang til sjø utan at den maritime miljøbelastninga vert større enn naudsynt.

Kommunale verksemder arbeider for å verte godkjende miljøfyrtårn.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Ha tilbod om ladepunkt og langtidsparkering i kollektivknutepunkt.

Sikre kollektivtilbod i samband med nye utbyggingar.

Utvide gang og sykkelvegnettet gjennom kommunen og starte reguleringsplanar for desse.

Kartleggje funksjonell strandsona, og syte for at tiltak og utbygging ikkje går ut over viktig natur eller ålmenta sine interesser.

Velje EL-bilar dersom det er teknologisk forsvarleg i høve til bruken.

Gjennomføra tiltaka i « Energi og Klimaplanen».

## Samfunnstryggleik og beredskap

### Me vil at:

Kommunen har relevant og oppdatert "KommuneROS"

Kommunen har oppdaterte og fungerande beredskapsplanar for kommunen.

Vein er best mogeleg førebudd på ulike relevante hendingar som kan råka kommunen.

### Strategi:

Revidera "KommuneROS" for Austrheim kommune.

Syte for at ROS vert gjennomført i alle planprosessar (PBL).

Syte for at ROS vert gjennomført i alle kommunale verksemdar.

Vedlikehalda beredskapsplanane.

Gjennomføra øvingar, opplæring og kompetanseheving av kriseleiing/leiing.

Gjennomføra avbøtande tiltak i høve til "KommuneROS"

## Kommunal organisering og tenesteyting

### Kommunen som organisasjon

#### Me vil at:

Kommunen skal vera, og stå fram, som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Kommunen skal ha tydeleg leiing og gode styringsreiskap.

Kommunen skal leggje vekt på nyskaping og utvikling og gje dei tilsette mogelegheiter og utfordringar.

Kommunen skal leggje vekt på etikk og lokale verdiar i møtet med innbyggjarar og andre.

Kommunen skal vera eit førebilete i høve til å fremje berekraft i balansen mellom arbeidsmiljø og kvalitet

#### Dette vil me få til gjennom å:

Ha jamlege møte med arbeidstakarorganisasjonane om spørsmål som gjeld organisasjonsendringar, budsjett, tingingar m.m.

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk kompetanseplan 2015-2020"

Vidareføra arbeidet med systematisk HMT (Helse Miljø og Tryggleik) i organisasjonen.

Vera aktiv i moderniseringa (digitaliseringa) av kommunen sine forvaltningstenester.

Arbeida for eit godt omdømme som kan bidra til naudsynt rekruttering av kompetente tilsette

### Kommunen som tenesteytar

#### Me vil at:

Kommunen skal dekkje innbyggjarane sitt behov for tenester gjennom god og effektiv organisering.

Kommunen skal syte for at viktige prioriteringar av tenester, og styring av tenester, vert utført gjennom dialog med innbyggjarane.

Der det er naturleg eller naudsynt, søkje samarbeid med nabokommunar/region, for å styrkje tenestetilbodet.

#### Dette vil me få til gjennom å:

Nytta modernisering og digitalisering til å skapa innovative løysningar for ein god dialog med innbyggjarane.

Ha eit tydeleg planhierarki og vidareføra/gjennomføra intensjonane i gjeldande Planstrategi.

Etablera tydelege rutinar i høve til "årshjul" for plan, tiltak og måloppnåing.

Ha tydelege og korte vegar for avgjerdsprosessar.

Revidera og oppdatera delegasjonsreglement.

Søkje offentleg og eller offentleg/privat samarbeid der det gjev positiv verknad for innbyggjarane i form av betre tenester.

Styrkje samarbeidet med lokale lag, organisasjonar og foreiningar.

## Hovudsatsingsområde

### INFRASTRUKTUR

Gang og sykkelveg, Veg, Vatn og avlaup, Internett

Me vil at:

Kommunen skal ha eit trygt og effektivt vegnett for alle trafikantar.

Prosentdelen av gåande og syklande skal aukast.

Kollektivdel i tråd med regionale mål skal aukast.

Kommunen skal ha tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.

Kommunen skal ha god dekning for mobiltelefon der det bur folk, langs med vegnettet og til utfartsstader i kommunen.

Kommunen skal planleggje for vidare utbygging og vedlikehald av kommunen sin infrastruktur innan vatn og avlaup.

Dette vil me få til gjennom å:

Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen.

Gjennomføra detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen.

Vera pådrivar for utbygging av breiband og mobilnett.

Gjennomføra tiltaka i "Hovudplan Vatn og Avlaup"

Koordinera arealplanlegging med hovudplan for vass og avlaup.

Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplan.

### TETTSTADUTVIKLING

Gåstrategi, tenester i sentrum, tettstad, fortetting, knytning frå land og sjø, havsport, hotell/overnatting

Me vil at:

Talet innbyggjarar i tettstader aukar og urbane kvalitetar vert fremja.

Kommunen skal ha ei styrkt utvikling av dei to tettstadene i kommunen, med fokus på levande sentrum.

Området nære Mastrevik torg skal vera tydeleg kommunesenter og regionsenter nord i Nordhordland.

Lokalsenter i området Nordre Fønnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås vert vidareutvikla.

Dette vil me få til gjennom å:

Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.

Vidareføra arbeidet med tettstadutvikling i "Austrheim heile Livet"

Gjennomføra tiltaka i « Budstadsosial handlingsplan 2013 – 2020» i høve sentrumsnære bustader tilpassa for eldre.

Kople områderegulering av Nordre Fønnesvåg med utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.

Følgje målsettingane for planlegging av tettstadene i gjeldande planstrategi

## NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling, Mongstad, Reiseliv/Havsport, Verkemiddelapparat

Me vil at:

Austrheim skal vere ein positiv kommune som gir utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.

Austrheim skal vere ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon som «hav- og kystkommune».

Austrheim skal vere nasjonalt kjend som senter for havsport.

Austrheim skal vidareutvikle og gjera nytta av industriutviklinga på Mongstad.

Dette vil me få til gjennom å:

Vere ein proaktiv og næringsvenleg kommune (fokus på vertskapsrollen).

Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar)

Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" .

Ha fokus på lokale initiativ og regionalt samarbeid.

Detaljplanlegge og tilrettelegge nye næringsareal i samband med større prosjekt som til dømes Johan Sverdrup oljerørleidning.

Fremja offentleg-privat samarbeid



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato

Dykkar dato

Vår referanse

2016/12828

Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### STATSBUDSJETTET 2017 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2017.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane» utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

#### Det økonomiske opplegget for 2016

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 6,4 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr. 3,1 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 6,4 prosent til 8,7 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2015. Bakgrunnen for den store skatteveksten i år er i hovudsak at aksjeeigarar har teke ut ekstraordinært stort utbyte for inntektsåret 2015, jamfør skattereforma frå 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,6 prosent. Lønsvekst inngår i denne med 2,4 prosent. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren.

#### Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2017

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 2,3 prosent. Den relativt låge pårekna skatteveksten frå 2016 til 2017 skuldast den ekstraordinære skatteveksten i 2016. Pårekna skatteinntekter i 2017 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (0,7 prosent) og lønsvekst (2,7 prosent).

Skatteøyret for kommunane er i 2016 11,8 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent også for 2017.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2017.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,5 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 2,7 prosent for 2017 og tel om lag med to tredelar i den samla kostnadsdeflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med knapt 2,2 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

### Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2017. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2015. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2016 og 2017.

I berekning av skatteprognose for 2017 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2015 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2015. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01. 2017 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2016 til 2017 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet
- oppdatering av kostnadsnøkklane i utgiftsutjamninga
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- bortfall av ekstraordinært skjønstilskot frå perioden 2011 - 2016
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2016 til 2017 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

### Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2016 til 2017 med om lag kr. 3,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene på kr. 3,6 mrd. er realauke slik at priskompensasjonen frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,0 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,75 mrd. (kr. 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga).

Auken i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på grunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiseringskostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.

3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:

-Kr. 150 mill. til tidleg innsats i grunnskulen

-Kr. 300 mill. til auka satsing innan rusomsorg

-Kr. 100 mill. til opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering

-Kr. 50 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2016 til 2017 med 2,7 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år. Den låge pårekna veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 har samband med den ekstraordinære skatten i 2016.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg i vedlagt tabell. Endringar i rammeoverføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øymerka tilskot.

### **Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet i 2017**

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det på bakgrunn av auka arbeidsløyse vedteke eit vedlikehaldstilskot til kommunar på Sør- og Vestlandet med kr. 400 mill.

Det er for 2017 framlegg om kr. 650 mill. i øymerka tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet.

Kr. 400 mill. av tilskotet vil bli fordelt til kommunar som ved utgangen av august 2016 hadde arbeidsløyse over landsgjennomsnittet, det vil seie over 3,1 prosent. Det blir ikkje lagt opp til søknader frå kommunane. Kommunane vil få eit likt tilskot per arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent, per utgangen av august i år.

Fordelinga av dei attståande kr. 250 mill. vil bli vurdert nærare over nyttår i lys av den faktiske utviklinga i arbeidsløysa. Det er difor ikkje teke stilling til den konkrete fordelinga av denne delen av ramma.

Av ramma på kr. 400 mill. er det, basert på framlegget, gjort følgjande deling for kommunane i fylket, til utbetaling i 2017. I kr. 1.000,-:

Bergen	26154
Bømlo	2107
Stord	13268
Fitjar	189
Tysnes	235
Kvinnherad	4265
Samnanger	144
Os	3515
Sund	2582
Fjell	13022

Askøy	4969
Meland	1435
Øygarden	3597
Radøy	911
Lindås	2742
Austrheim	1542
Fedje	201
 Sum Hordaland	 80878

### **Skule**

Kr. 150 mill. av veksten i dei frie inntektene til kommunane er knytte til ei styrking av arbeidet med tidleg innsats i skulen. Regjeringa vil senda på høyring eit lovframlegg om tidleg innsats. Fagleg svake elevar skal få tilbod om tidsavgrensa intensivopplæring.

### **Helse og omsorg**

#### Opptappingsplan for rus

Det har vore ei opptapping i løyvingane til rusområdet i perioden 2014 - 2016. Det er framlegg om ei ytterlegare opptapping for 2017 med kr. 345 mill. Av dette kjem kr. 300 mill. gjennom ei styrking av dei frie inntektene.

#### Helsestasjon og skulehelseteneste

Det er framlegg om ein auke i rammetilskotet på kr. 50 mill. knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2017 vil rammetilskotet knytt til føremålet kome opp i samla kr. 734,4 mill., medrekna opptappinga frå åra før 2017. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

I tillegg er det framlegg om øymerka tilskot på kr. 101 mill. over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til kommunar som kan dokumentera at midlane over rammetilskotet er brukt til denne tenesta.

#### Opptappingsplan for rehabilitering og habilitering

Kr. 100 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til auka satsing på rehabilitering og habilitering. I tillegg er det framlegg om å øymerka kr. 100 mill. til opptappingsplanen, av dette kr. 91 mill. i eit nytt øymerka stimuleringsstilskot for kommunane over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett.

#### Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Det er framlegg om øymerka tilskot i 2017 på til saman kr. 45 mill. for å leggje til rette for 750 plassar i 2017. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.

#### Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

For 2017 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 1800 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.



Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i 2016 kr. 3.060.000,- (for Bergen kommune er dette kr. 3,5 mill.). Dette grunnlaget blir prisjustert til 2017 - kroner.

I 2016 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2017 som i 2016.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Regjeringa gjer framlegg om ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det berre blir gitt tilskot til investeringar som aukar det samla talet på plassar i kommunen. Framlegget legg opp til at det ikkje vil bli gitt tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar etter ein overgangsperiode. Det blir lagt opp til ei gradvis omlegging slik at det i 2017 vil vere 20 prosent av tilskota som blir reserverte plassar som gir netto vekst i kommunen. For 2018 vil 40 prosent av tilskota bli reservert plassar som gir netto vekst o.s.v. Frå 2021 er det i framlegget lagt opp til å berre gi tilskot til nye plassar.

#### Aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp

Det er framlegg om ei løyving på kr. 60 mill. i kommunane sitt rammetilskot for meirkostnader som følgje av innføring av aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp som er under 30 år.

#### Døgnopphald - hjelp

Frå 2017 får kommunane ein plikt til å tilby hjelp med ein gong døgnopphald også for personar med psykisk helse- og rusproblem. Den kommunale plikta skal berre omfatta personar som det for kommunen er mogleg å utgreie, behandla eller yta omsorg til. Det er framlegg om å innlemma kr. 86,5 mill. i kommunane sitt rammetilskot knytt til føremålet.

#### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2017 er basert på direkte lønsutgifter i 2016 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2017:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1081 mill. til kr. 1157 mill. for netto utgifter i 2016. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 50.000,- utover prisjustering. Det inneber difor ei innstramming i tilskotsordninga.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2017 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2016. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øymerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

### **Frivilligsentralar**

Ansvar for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa gjer framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot.

Det øymerka tilskotet frå Kulturdepartementet var i 2016 kr. 127,8 mill., som prisjustert til 2017 blir kr. 131 mill. Dette tilskotet blir i 2017 innlemma i rammetilskotet. I tillegg er det framlegg om å auka løyvinga med kr. 20 mill., slik at samla ramme til fordeling i rammetilskotet blir kr. 151 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling av det øymerka tilskotet i 2016.

### **Inntektssystemet i 2017**

I Fylkesmannen sitt brev av 23.mai d.å. om kommuneopplegget for 2017 er det gitt opplysningar om inntektssystemet for 2017. Vi viser til informasjon i dette brevet.

Vidareføring av noverande inntektssystem frå 2016 til 2017. Det er ikkje lagt opp til endringar i inntektssystemet knytt til:

- inntektsutjamning
- overgangsordninga INGAR
- telletidspunkt

### Veksttilskot

For veksttilskotet er det framlegg om å redusera vekstgrensa for tilskot frå 1,5 prosent til 1,4 prosent. Tilskotssats per innbyggjar ut over vekstgrensa blir kr. 57.191,-.

Nytt inntektssystem for kommunane. Det vil vere knytt til:

- gradering av basistilskot på grunnlag av strukturverdi
- distriktstilskot Sør - Noreg
- småkommunetillegg
- oppdatering av kostnadsnøklane

### Basistilskot

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet skal vere eit like stort tilskot per kommune. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter strukturverdi i høve til grenseverdi. Grenseverdien blir 25,5 km. Det vil seie at ein kommune som har strukturverdi lik eller meir enn 25,5 kilometer vil få fullt basistilskot.

Dersom strukturverdien er lågare enn 25,5 km, vil basistilskotet bli mindre enn fullt tilskot. Fullt basistilskot i 2017 vil vere om lag kr. 15 mill. per kommune.

For distriktstilskotet og småkommunetillegget vil det bli lagt til grunn nyare distriktsindeksar enn det som var kjende i mai i år. Grunnlaget for begge tilskota vil vere distriktsindeksane for 2015.

Trekk i småkommunetillegget, samanlikna med fullt tilskot, vil for 2017 vere basert på distriktsindeksane for 2015:

	<u>Distriktsindeks</u>	<u>Trekk</u>
Fitjar	55,9	- 50 %
Tysnes	38,3	- 10 %
Jondal	25,0	- 0 %
Ulvik	24,7	- 0 %
Granvin	26,3	- 0 %
Samnanger	54,1	- 50 %
Austrheim	73,3	- 50 %
Fedje	19,5	- 0 %
Masfjorden	45,1	- 40 %

#### Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane grunngevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2017.

### **Kommunereform**

#### Tilskot mellomstore kommunar

Det vil bli gitt tilskot til mellomstore kommunar der det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden for kommunereforma. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing og ikkje få storbytilskot. For landet er det ei ramme på kr. 100 mill. for 2017, som svarer til andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet, med heilårsverknad, kr. 200 mill.

Det er lagt opp til at 60 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per samanslåing. 40 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per innbyggjar.

Fordelinga vil bli gjort våren 2017.

#### Kompensasjon for redusert basistilskot

Kommunar som slår seg saman, og som mellombels får redusert basistilskot i perioden fram til samanslåinga trer i kraft, vil få ein eigen kompensasjon frå og med 2017. Kompensasjon for redusert basistilskot vil bli gitt av ei ramme på kr. 300 mill. av departementet sine skjønsmidlar i 2017.

Fordelinga av dette tilskotet mellom kommunane vil bli gjort etter Stortinget si handsaming av kommunereforma våren 2017.

Denne kompensasjonsordninga omfattar ikkje endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget.

Kompensasjon knytt til reduksjon i basistilskot (kr. 300 mill.) og tilskot mellomstore kommunar (kr. 100 mill.) erstattar ekstraordinært skjønstilskot frå departementet i perioden 2011 - 2016. Denne kompensasjonen vart gitt til kommunar som tapte mykje på omlegginga i inntektssystemet i 2011.

#### Inndelingstilskot og eingongstilskot

Kommunar som slår seg saman vil få erstatta bortfall av basistilskot og eventuelle bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet og kriteriegrunnlaget for 2016. Inndelingstilskot blir gitt frå og med året når samanslåinga blir sett i verk. Det blir gitt årleg priskompensasjon slik at realverdien blir oppretthalde dei første femten åra. I 2016 er basistilskotet om lag kr. 13,2 mill. per kommune.

Vi viser til vårt brev av 19.mai 2015 om kommuneopplegget for 2016 med nærmare informasjon om inndelingstilskot og eingongstilskota (for eingongskostnader og reformtilskot) i samband med kommunesamanslåing.

Tilskot for eingongskostnader vil bli utbetalt i 2017 når Stortinget har gjort nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarar
<b>Skjema 1 A - Drift</b>											
18000	Ordinært rammetilskot gjeldande ø	80 316	450	80 766		80 766	80 753	82 000	82 000	82 000	
	Småkommunetilskot	0		0		0	2 772	2 750	2 750	2 750	Tilbake i 2017
	Utgiftsutjevning/INGAR	0		0		0	0	0	0	0	
	Saker til særskilt fordeling	0		0		0	0	0	0	0	
	Overgangsordning nytt inntektssystem	0		0		0	0	0	0	0	
	Veksttilskot	0		0		0	0	0	0	0	
	Ekstra skjønstilskot	1 600		1 600		1 600	150	0	0	0	
18007	Skjønsmidlar frå Fylkesmannen	2 100		2 100		2 100	2 000	2 100	2 100	2 100	
	<b>Sum Rammetilskot</b>	<b>84 016</b>	<b>450</b>	<b>84 466</b>	<b>0</b>	<b>84 466</b>	<b>85 675</b>	<b>86 850</b>	<b>86 850</b>	<b>86 850</b>	
18700	Skatt på inntekt og formue	84 763		84 763		84 763	90 100	92 100	92 100	92 100	
	Økt skatteinntekter	3 305		3 305		3 305	0				Netto
18005	Inntektsutjamning	-3 895		-3 895		-3 895	-4 563	-4 600	-4 600	-4 600	Se netto økning.
	Økt inntektsutjamning	-500		-500		-500					
	Tusenavrunding (jf. Prognosemodell)	0		0		0	0				
	<b>Sum skatt og inntektsutjamning</b>	<b>83 673</b>	<b>0</b>	<b>83 673</b>	<b>0</b>	<b>83 673</b>	<b>85 537</b>	<b>87 500</b>	<b>87 500</b>	<b>87 500</b>	
	<b>Sum rammetilskot, skatt, inntekt</b>	<b>167 689</b>	<b>450</b>	<b>168 139</b>	<b>0</b>	<b>168 139</b>	<b>171 212</b>	<b>174 350</b>	<b>174 350</b>	<b>174 350</b>	
18101	Bustadtilskot	175		175		175	175	175	175	175	
18103	Kompensasjon grunnskulereform-9	50		50		50	50	50	50	50	
18104	Kompensasjonstilskot eldreomsorg	800		800		800	800	800	800	800	
18104	Kompensasjonstilskot Vestlia	300		300		300	300	300	300	300	
18107	Rentekompensasjon skulebygg	400		400		400	400	400	400	400	
18105	Integreringstilskot flyktningar	8 687		8 687	800	9 487	10 600	10 000	9 200	8 800	
18740	Eigedomsskatt	15 800		15 800		15 800	16 400	16 400	16 400	16 400	k/bruk/anna nær
	<b>Eiendomsk. Hus/hytter 7 mill./2 prom.</b>										
	Taksering eiendomsskatt		-1 100	-1 100		-1 100					
	Reduksjon Eiendomsskatt	-3 000		-3 000		-3 000					
	<b>Sum skatt og inntektsutjamning</b>	<b>23 212</b>	<b>-1 100</b>	<b>22 112</b>	<b>800</b>	<b>22 912</b>	<b>28 725</b>	<b>28 125</b>	<b>27 325</b>	<b>26 925</b>	



Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarar
	<b>Sum frie disponible inntekter</b>	190 901	-650	190 251	800	191 051	199 937	202 475	201 675	201 275	
19000	Renteinntekter	600		600		600	600	600	600	600	
19005	Utbyte	1 700	248	1 948		1 948	2 300	2 500	2 500	2 500	
15000	Renteutgifter m.m.	-3 860		-3 860		-3 860	-4 000	-4 400	-4 700	-4 800	
15100	Avdrag på lån	-7 429		-7 429		-7 429	-7 700	-8 400	-8 500	-8 600	
	Tusenavrunding (jf. Arkfane renter/	0		0		0	25	27			
	<b>Netto finansutgifter/inntekter</b>	-8 989	248	-8 741	0	-8 741	-8 775	-9 673	-10 100	-10 300	
	<b>Til fordeling drift - før avsetnader</b>	181 912	-402	181 510	800	182 310	191 162	192 802	191 575	190 975	
15400	Avsetnad til nytt fond for premiea	-3 000		-3 000		-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	
19400	Bruk av tidl. Års avsetnad	0				0	0	0			
19400	Meirforbruk/mindreforbruk	0				0					
19400	Bruk av fond - verdifall eigedomsska	0				0					
19400	Bruk av nytt fond for premieavvik	0				0	0	0	0	0	
	<b>Netto avsetnader</b>	-3 000	0	-3 000	0	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	
15700	Netto avdrag på utlån	-500		-500		-500	-500	-500	-500	-500	
15701	Til Eigenkapitalinnskot KLP	-300		-300		-300	-300	-300	-300	-300	
	Overført inv.tilskot til driftstilskot So	0		0		0	0	0	0	0	
		0		0		0					
		0		0		0					
	<b>Sum overført til investering</b>	-800	0	-800	0	-800	-800	-800	-800	-800	
	<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	178 112	-402	177 710	800	178 510	187 362	189 002	187 775	187 175	
	<b>Rekneskapsmessig resultat</b>										
	<b>Skjema 1B - drift</b>										
100	<b>Rådmann</b>	17 558	-250	17 308		17 308	17 336	17 636	17 786	17 636	
	Valutgifter	-150					150	-150	150	-150	
	Austrheim kyrkje	-200					80				
	Skulefagleg rådgjevar 1/8	875	-250				-200	450			
101	<b>Politisk styring og kontrollorga</b>	3 455		3 455		3 455	3 455	3 455	3 455	3 455	
	Auka utgifter	65									
190	<b>Interne serviceiningar til forde</b>	4 754	-200	4 554		4 554	4 154	4 154	4 154	4 154	
	<b>Endring</b>	14	-200								

Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarer
	Redusert stilling						-400				
200	Administrasjon undervisning	2 658		2 658		2 658	2 458	2 458	2 458	2 458	
	Endring	971									
	Framandspråkleg						-200				
201	PPT og Barnevern	7 277		7 277		7 277	7 277	6 977	6 977	6 977	
	Endring	-300					0	-300			
	introduksjonsstønna	-4 007									
210	Års skule	22 811		22 811		22 811	24 441	24 691	24 691	24 691	
	Økt ramme KS-v 17.12.15	100					1 380				
	Endring	-460					250	250			
211	Kaland skule	13 336		13 336	500	13 836	13 280	13 280	13 280	13 280	
	Økt ramme KS-v 17.12.15	100			500						
	Kompenssjon lønn										
	Endring	-441					-56				
220	Austrheim Kystbarnehage	12 900		12 900		12 900	13 500	13 500	13 500	13 500	
	Endring	49					600				
221	Kaland barnehage	9 188		9 188		9 188	9 552	9 552	9 552	9 552	
	Endring	565					364				
250	Kulturskule	1 722		1 722		1 722	1 833	1 833	1 833	1 833	
	Endring	115					111				
251	Bibliotek	1 507		1 507		1 507	1 588	1 588	1 588	1 588	
	Endring	56					81				
255	Anna kultur	2 356		2 356		2 356	2 423	2 573	2 573	2 573	
	Redusert ramme KS-v 17.12.15	-200									
	Endring	-398					17	150			
	Økning Kulturmidlar	500		500							



Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarer
	Kulturminne	50					50				
290	Undervisning og arbeidssenter	1 078		1 078		1 078	1 200	1 200	1 200	1 200	
	Endring	-579					122				
300	Administrasjon helse- og sosial	577		577		577	927	927	927	927	
	Bortfall statstilskot	55					350				
	Bustadtilskot	175					0				
301	Helseteneste	11 086		11 086		11 086	12 671	12 671	12 671	12 671	
	Økt lønn/permisjon/ny stilling	3 532					1 585				
302	Sosiale tenester	7 687		7 687	300	7 987	7 987	7 087	6 387	5 687	
	Auka ramme				300						
	Overføring av flyktningetilskudd til										
	Endring	2 800					300	-900	-700	-700	
330	Nordliheimen	21 596		21 596		21 596	22 609	22 784	22 784	22 784	
	Ny stilling fra 1.7 konsulent 50%						175	175			
	Endring	-404					838				
331	Kjøkken/vaskeri	3 660		3 660		3 660	3 660	3 660	3 660	3 660	
	Endring	96									
332	Heimetenester I	10 548	0	10 548		10 548	11 018	11 018	11 018	11 018	
	Endring	762	0				470				
333	Heimetenester II	7 315	500	7 815		7 815	8 783	8 783	8 783	8 783	
	Nytt tiltak heilårsverknad	-496	500				968				
500	Plan, byggesak, miljø	2 593	-702	1 891		1 891	2 287	2 287	2 287	2 287	
	Mindre aktivitet	314	-702				346				
	Handlingsplanar knytt til kommun	50					50				
501	Interkommunal landbruk/veterina	825	-100	725		725	725	725	500	500	



Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarar
	Tilskot landbruk/ny budsjettjustering	225	-100				-100		-225		
600	<b>Tekniske tenester</b>	-1 839		-1 839		-1 839	-1 498	-1 498	-1 498	-1 498	
		283					341				
		-400					0				
604	<b>Eigedomsavdeling</b>	8 388		8 388		8 388	9 097	9 262	9 262	9 262	
	Auka kostnader/straum	-325					709	165			
	Tilbakeføring basseng Kaland Skule	255									
	Overføring andel lønn til investering	-920									
605	<b>Reinholdsavdeling</b>	5 670		5 670		5 670	5 968	6 118	6 118	6 118	
	Endring	258					298	150			
	Tilbakeføring basseng Kaland Skule	300									
800	<b>Tilleggsløyvingar - Næringsutvikling</b>	125	115	240		240	100	100	100	100	
	Prosjektleder "Austrheim heile livet"	-100									
	Endring	-400	115								K-sak 040/16
	Industriinkubator	125					0	0	0	0	
	Samfunnsutviklar/næringsseksjon	350									
	Avsetning næringsfond	150					100				
801	<b>Tilleggsløyvingar - Form.skap</b>	250		250		250	250	250	250	250	
	Ramme										
802	<b>Tilleggsløyvingar - Komm.styret</b>	300	-115	185		185	300	300	300	300	
	Endring	-51	-115				115				K-sak 040/16
803	<b>Tilleggsløyvingar - Rådmann</b>	775		775		775	675	675	675	675	
	Næringsforum	50					50				
	Til kurs-og velferdsmidlar	225					225				
	Til tilretteleggings tiltak - seniortilbod	100					100				
	Prosjekt rus/psyk						150				
	Kulturdager	50					0				
	Effekt av seniortiltak/sluttpakkar	200					0				

Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
Rådmann 17.11.2016		OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarar
	Arbeidsmiljøtiltak	100					100				
	Delplaner og Eigendel prosjektar	50					50				
804	<b>Tilleggsløyvingar</b>	50		50		50	50	50	50	50	
	Til ordføraren sin disposisjon	50					50	0			
899	<b>Andre overordna utg./innt.</b>	-2 419		-2 419		-2 419	-2 019	-1 619	-1 619	-1 619	
	Amortisering av pensjonskostnad	400					400	400			
	K-sak 039/12 - Tilskot til Furuly e										
	Tilskot til Sætre marka Burettslag										
900	<b>Momsrefusjonsordninga m.m.</b>	0		0		0	0	0	0	0	
	<b>Fordelt til drift</b>	177 787	-752	177 035	800	177 835	186 087	186 477	185 702	184 852	
	Til fordeling skjema 1A	-178 112	402	-177 710	-800	-178 510	-187 362	-189 002	-187 775	-187 175	
	<b>Balanse</b>	-325	-350	-675	0	-675	-1 275	-2 525	-2 073	-2 323	
	<b>Justert balanse = meir-/mindrefordelt</b>	-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	
	<b>Som er fordelt slik:</b>										
	Ansvar 200 - fond	-175	0	-175	0	-175	-175	-175	-175	-175	
<b>Skjema 2 B - KAPITAL</b>											
	Rest t 2	OB-16	Just 1	RB-1			ØP-17	ØP-18	ØP-19	Øp-20	
	IKT - Austrheim kommune	150 000		150 000			150 000	150 000	150 000	150 000	
	Prosjekt felles IKT drift i regionen -	400 000		400 000			400 000	400 000	400 000	400 000	
	IKT - skular	150 000		150 000			150 000	150 000	150 000	150 000	
	Kartlegging	100 000		100 000			100 000	100 000	100 000	100 000	
	IKT/tavle-skulane						400 000	400 000			
	Uteområdet Årås Skule						300 000				
	Eiegenandel uteareal						300 000				
	Garderobe Nordlieheimen						200 000				
	Legkontor Ultrlyd						200 000				
	Diverse anleggsbidrag						0				



Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarer
	Ekstra vedlikehold-statlig tilskot						1 542 000				
	Ny Buss netto						400 000				
	Vinterhage Nordliheimen		70 000	70 000							
	Vedhus arbeidssenteret			0							
	Lager Nordliheimen	0		0			300 000	300 000			
	Oppgradering garderober Nordlihe	500 000		500 000							
	VVA	1 500 000		1 500 000			2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	
	Avlaupstasjoner										
	Oppgradering Kaland skole	1 000 000		1 000 000			2 000 000	2 000 000	2 000 000	1 000 000	
	Økning Kaland skole 1,5 mill.kr. lønn	3 500 000		3 500 000							
	Samla ungdomskule			0			0		3 000 000	3 000 000	
	Oppgradering Kaland Barnehage	500 000		500 000			1 000 000	3 000 000			
	KS 31/15 - Oppgr. Årås sk.	500 000	700 000	1 200 000			500 000	500 000	500 000	100 000	
	Opparbeiding av park, K-sak-29/15										
	Rehabilitering 2014										
	Oppgradering Kaland Idrettsplass								0		
	Nye omsorgsbustader/Ks-92/14		1 345 000	1 345 000			1 000 000	3 000 000	3 000 000		K-sak 029/14
	Prosjekt bredbånd	750 000		750 000							K-sak 77/13
	Oppgradering av Tresvikvegen til 1		200 000	200 000							K-sak 2013
	Byggutbetring	500 000		500 000			500 000	500 000	500 000	500 000	
	Asfaltering	500 000		500 000			500 000	500 000	500 000	500 000	
	Veglys										
	Befalsbil Brann og redning										
	Trafikksikring etter plan	500 000	500 000	1 000 000			500 000	500 000	500 000	500 000	F-sak 040/14
	Kaiar i Austrheim	400 000	1 000 000	1 400 000			0	0	0	0	
	Bygging av kai åråsvågen 500 000		500 000	500 000							Anleggsbidrag
	Trafikksikring på Fonnes 500 000		900 000	900 000							
	Gangveger		1 270 000	1 270 000							
	Avsetning salg Årås barnehage		2 100 000	2 100 000							
	Eigenkapitalinnskot KLP		692 239	692 239							
	Investeringstilskot Austrheim sokne	300 000		300 000			400 000	400 000	400 000	400 000	
	Startlån	500 000		500 000			500 000	500 000	500 000	500 000	
	<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>11 750 000</b>	<b>9 277 239</b>	<b>21 027 239</b>			<b>13 342 000</b>	<b>15 400 000</b>	<b>14 700 000</b>	<b>10 300 000</b>	

Budsjett 2017, Økonomiplan 2017-2020

		-150	-350	-500	0	-500	-1 100	-2 350	-1 898	-2 148	Pr-17.11.16
	Rådmann 17.11.2016	OB-16	Just-1	RB-1	Just 2	RB-2	ØP-17	ØP-18	ØP-19	ØP-20	Kommentarer
	Utlån	500 000		500 000			500 000	500 000	500 000	500 000	
<b>Som vert finansiert slik:</b>											
<b>Låneopptak:</b>											
	Ordinært låneopptak i året	-7 773 000		-7 773 000			-11 000 000	-14 600 000	-13 900 000	-9 500 000	
	Ovf. Lånemidler fra 2015		-7 177 239	-7 177 239							
	Salg Årås barnehage		-2 100 000	-2 100 000							
	Tilskudd til rehab.skulebygg	-277 000		-277 000							
	Statstilskot ekstra vedlikehald						-1 542 000				
	Salg av eiendommer	-2 000 000		-2 000 000							
	Økning salg av eiendommer	-900 000		-900 000							
	Overført frå drift:			0							
	Overført frå drift - Investeringstilsko	-300 000		-300 000			-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	
	Overført frå drift - netto avdrag på u	-500 000		-500 000			-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	
	<b>Sum finansiering</b>	<b>-11 750 000</b>	<b>-9 277 239</b>	<b>-21 027 239</b>			<b>-13 342 000</b>	<b>-15 400 000</b>	<b>-14 700 000</b>	<b>-10 300 000</b>	
	Låneopptak til vidare utlån	-500 000	0	-500 000			-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	
	<b>Balance</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	